

Kjære jubilaranten Meland kyrkjelyd

Gratulerer med 150- årsjubileet for den kjære Melandkyrkja!

Frå mine 11 gode og innhaldsrike år som sokneprest i Meland ber eg i meg mange gode minne frå felleskapet i Melandkyrkja. Somme tider blei eg herleg svimmel av alle nattverd-ringane og salig lyfta opp av salmesong og barnelått. Frå kyrkjeveg minnest eg spennande turar på glattisen opp Dalesvingane, og herlege kast på sykkel ned same vegen om sommaren.

Som eit navlesmykke midt i Meland ligg ho der og lokkar med glimt av himmel. Ho er vakker som ei kvit brur på si grønne sommareng-seng, og kveikjer lengten etter den himmelske bryllaupsfesten. Ho syng med mjuke fløytetonar sin kjærleikssong om Gud og Lammet. I hjartet hennar er biletet av brudgommen der han står med opne hender og seier: Kom! Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!

Måtte Meland-kyrkja fortsatt lokke og dra folk til møte med Gud! Då Ordet vart menneske og slo opp teltet sitt mellom oss blei det klårt at Gud vil vere der folket er. Difor ønskjer eg også kyrkjelyden til lukke med arbeidet for ny kyrkje på Frekhaug!

Eg skulle gjerne deltatt på jubileet i dag, men diverre kolliderer feiringa med en preste-ordinasjon på Austlandet der eg deltek som representant for prestefelleskapet Johanneskretsen.

Helsing

Sverre Langeland

Anders Magnu Tolcis Wendel